# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2017 49. årg.













Ny prest på Undheim side 6

Å gleda andre side 11

Jul i kyrkjene side 28

Kulturkveld - om Elias Blix side 17

## Bryne - Time - Undheim sokn


**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Vikar kyrkjev.: Gunnar Jansen Bjorland tlf. 962 32 582
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (sjukmeldt)

**Time**
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Klokkar: Olav Njølstad Egeland
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920
Barne- og ungd.arbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Karin Sofie Ersdal Olsen

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: Johannes Nedrelid tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 959 29 283
Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no


# *Julehelsing*

***- frå biskopen***



*Ivar Braut*

## Er jula nødvendig?

Det er nesten for ille å spørja. Klart vi vil ha jul! Det er jo ei viktig høgtid som er prega av familieliv, slekt og tradisjonar. Og samstundes er det ei høgtid med fleire sider: Vi kan godt vera meir oppmerksame på kor vanskeleg det kan vera også å halda motet oppe gjennom ei høgtid med så mange forventningar.

Men når vi spør så direkte: Er jula nødvendig, då er det ikkje sjølve høgtida vi spør om. For innersida av høgtida er jo ikkje tradisjonar og familie – og alt det vanskelege. Innersida – kjernen – er at Gud blir menneske i Jesus Kristus. Det er foreslår bare: forteljinga om ein kjærleg Gud utover det vi kan tenkja av oss sjølve. Det handlar om opphavet og meininga i heile tilveret. Vi kan oppdaga korleis alt heng saman når Gud faktisk blir lagt i krybba. Eg elskar å seia at Gud møter oss i eit barn på 48 centimeter. Eg veit ikkje kor lang den nyfødde Jesus var, men 48 centimeter er eit uttrykk for kor liten han er og kor heilt Gud kjem inn i menneskeslekta.

*Mitt hjerte alltid vanker*
*i Jesu føderom,*
*der samles mine tanker*
*som i sin hovedsum.*
*Der er min lengsel hjemme,*
*der har min tro sin skatt;*
*jeg kan deg aldri glemme*
*velsignet julenatt!*

### Kva tyder det?

At Gud kjenner meg. At Gud pustar med meg i det livet eg har. At Gud identifiserer seg med meg – og dei utstøtte.
Dette er frelse. Difor kom Jesus. Han kom med ei frelse som Gud hadde lova og som vi treng så sterkt. Vi har eitt håp: Å få vera barn av Gud. Og dette får vi ta imot i dåp og tru og leva i det. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar».

***Fra krybben til korset gikk veien for deg/ slik åpnet du porten til himlen for meg Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei, så alle kan samles i himlen hos deg!***

Er jula nødvendig? Ja, det som hende ei natt i Betlehem er nødvendig. Det er historia om håpet vårt og om frelsa. Jula er nødvendig. Juleevangeliet i Lukas kapittel 2 er nødvendig og til å leva på. Medan tradisjonane kan vera trivelege og vel verdt å ta vare på, særleg om vi gjer vel mot kvarandre.

*Ivar Braut*

***Foto framside: "Julekrybbe i Time kyrkje", av Knut Aalgaard***


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.
Layout: Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 15. februar.
Neste nr. kjem ut ca. 8. mars 2018.

# Min salme

## En krybbe var vuggen

*En krybbe var vuggen som ventet ham her,*
*det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.*
*Men stjernene lyste helt inn der han lå,*
*det lille barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.*
*Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.*
*Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,*
*men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.*

*Fra krybben til korset gikk veien for deg,*
*slik åpnet du porten til himlen for meg.*
*Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,*
*så alle kan samles i himlen hos deg!*

*Den norske teksten til denne salmen er skrevet av Eyvind Skeie i 1979. Opprinnelig er det en gammel amerikansk julesalme, «Away in a Manger», fra rundt 1885, og fortatteren er ukjent. Salmens melodi er komponert av William Kirkpatrick (1838-1921) i 1895*

**«...No når eg er vaksen har eg blitt merksam på at teksten i songen oppsummerer heile Jesu liv.»**



Irene Rettedal Losvik

**Eg er oppvaksen på Sandnes og flytta til Hognestad med mann og barn for fem år sidan. Og her stortrivst vi. Eg kjem frå ein songglad familie og har sunge i kor heile livet. Det gjer eg framleis.**

"En krybbe var vuggen" er ein julesong som har følgt meg gjennom heile livet. Då eg var i barnehagealder og song i Lubegjengen på Lura bedehus, var eg svært stolt over å få læra ei nydeleg overstemme til songen. Vidare hugsar eg at bror min og eg song denne songen så det ljoma i huset. For oss som barn var denne teksten så trygg og god.

No når eg er vaksen har eg blitt merksam på at teksten i songen oppsummerer heile Jesu liv. «Fra krybben til korset gikk veien for deg. Slik åpnet du porten til himlen for meg…»
Ekstra spesielt er det andre verset for meg: «Så enkelt og stille kom Gud til vår jord. Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror. Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik, men Jesus ble fattig og jeg er blitt rik.» Den allmektige og heilage Gud elska oss menneske så høgt at han valde å koma ned til jorda i ein stall, som eit spedbarn for å visa oss kor høgt han ønskjer å vera saman med oss. Gud veit at det er umogeleg for oss å leva utan å synda; gjera, tenka eller seia noko som gjer vondt for andre. Ved å senda Jesus har Gud både gjeve oss eit førebilete på korleis vi kan leva i tråd med Guds ord på jorda, og samstundes opna porten til himmelen for oss. Jesus har alt sona våre brot.

Jesaja 53:5: *Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.*

Eg vil ønskja alle ei velsigna juletid, tonesett av våre rike songskattar.

*Irene Rettedal Losvik*


# Miljø, møteplass og misjon

**FRETEX butikk Bryne**
**Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata**

Vi tar imot og sel:
Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Telefon 922 09 638

Opningstider: måndag stengt.
tysdag-fredag 10.00-16.00, laurdag 11.00-15.00

**NMS Gjenbruk Bryne**
**Parken senter Inngang ved hjørnet Saronsbråtet og Meierigata**

Vi tar imot og sel:
Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151

Opningstider:
måndag-fredag 10.00–17.00, laurdag 11.00–15.00

# Herrens bøn (Fadervår)

**«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?**

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøna, kjem ofte som ei lang oppramsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, fylgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filipparane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan kvila i. Kvart ord me kan nytta i bøna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvart menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekoret er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

*I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bøna er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem siste del.*

**Avslutninga:**
**«For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.»**

**-Lovprisinga til slutt i Fadervår tar oss tilbake til den første bøna: Lat namnet ditt helgast. Guds namn blir helga mellom oss, når Gud får ære ved at me ber.**

I gjennomgangen av bøna: «Lat riket dit koma» spurde me: Kva er Guds rike?
Me fann tre svar på dette spørsmålet.
- I kraft av at Gud har skapt jorda er jorda hans. Den er hans rike.
- Det andre svaret er at Guds rike er her no, i og ved dei som har kome til tru på nåden i Jesus Kristus.
- Det tredje svaret er at Guds rike er riket som Gud skal oppretta ved enden av tida

Det er Gud som har skapt jorda og held henne i si hand. Det er Gud som gjev oss del med seg i riket, no ved trua, og ved enden av tida når me går inn i æva med han. Alt er av Guds nåde og til Guds ære.

Makta er Guds. Det er ei mot erfaringa utsegn. For Guds makt syner seg i avmakt. Då Jesus døydde på krossen såg me Guds makt og herlegdom. Gjennom nederlaget fridde Jesus oss frå den og det vonde og gav oss siger.
Når me ber, ber me i tillit til at Gud høyrer vår bøn og har makt til å hjelpa oss i all naud og fare. Mange gonger kan me takka og lovprisa Gud som har høyrt vår bøn og berga oss. Andre gonger erfarer me at Gud viser si makt gjennom vår avmakt. Saman med Jesus har menneske til alle tider lide vondt, og saman med Jesus lid menneske i dag vondt.
I salmen Den stor kvite flokk syng me(Norsk salmebok 2013, 267):

*Det er den kjempeskare som*
*ut frå den store trengsla kom, …..*
*Her tidt, når trengsla sårast brann,*
*på deira kinn det tårer rann,*
*men Gud har deim*
*straks dei kom heim,*
*avturka med si hand. ………..*
*Det du har sått*
*med sukk og gråt*
*gjev haust med glederøyst.*
*Kved opp i høgd, slå palmetakt*
*og syng med himmelkraft og makt:*
*Lov vere deg, lov æveleg,*
*vår Gud og Lammet, sagt!*

Det er eit paradoks at mange har kome til tru på Jesus gjennom deira liding som tapte alt og heldt fast på trua. Der menneske lever slik at ingen motgang, inga naud og liding kan ta frå dei tilliten og lydnaden til Gud, der har Jesus vunne skapnad i dei heilt og fullt. Der er makta og æra Guds

Når lovprisinga bryt fram : for riket er ditt og makta og æra , då ber me med den gamle salmen:
Skriv deg Jesus på mitt hjerte, du min konge og min Gud, at ei lyst ei heller smerte deg formår å slette ut. (Norsk salmebok 2013, 339)
Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande, som det var i opphavet så no og alltid. Denne lovprisinga blir tatt opp att og opp




**Herrens bøn (Fadervår).** *Bøna er retta mot første personen i Gud, Faderen*

att gjennom tidebønene (Norsk salmebok 2013 s1305-1315). Skapningen er skapt til Guds ære. Me er skapte for å æra Gud. I brevet til Romarane 1,21 skriv Paulus om kva synda er: «Dei kjende Gud, men likevel æra og takka dei han ikkje som Gud.» Me gjev Gud ære når me takkar og lovar han for alle gode ting. Og me gir Gud ære når me vender oss til han i all naud og fare.

I all æve. Æve er eit vanskeleg ord. Vår tanke og vårt språk byggjer på at tida er noko som går og går. Dette svarar til «i opphavet så no og alltid.» Då må æve vera tid på tid utan ende. Me har ikkje ord eller tanke for eit tilvære utan tid. Om me vågar å tenkja at æve er eit tilvære utan tid, då vert æve eit mål på kvaliteten av livet hos Gud.

Amen. Kva tyder det?
Eg skal vera viss på at Far vår i himmelen vil ha slike bøner og at han høyrer dei. Han har sjølv bode oss å be såleis og han har lova å bønhøyra oss. Amen, det tyder: Ja , det skal vera så. (Vesle katekisma, Norsk salmebok 2013 s1284).
Amen er eit hebraisk ord som tyder «det står fast». Det blir brukt for å stadfesta og slutta seg til det som er sagt. Jesus brukar ordet for å understreka kor viktig det han no skal seia er. Då vert amen omsett med sanneleg. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk.

Jesus lærde oss korleis me skal be. Han gav oss mange løfte knytte til bøn. Han la det sterkt innover oss at «Det er makt i de foldede hender».
Han fortalde dei ei likning om at dei alltid skulle be og ikkje mista motet:
«I ein by var det ein dommar som ikkje hadde ærefrykt for Gud og ikkje tok omsyn til noko menneske. I same byen var det ei enkje. Ho kom gong på gong til han og sa: 'Hjelp meg i saka med motparten min, så eg kan få min rett.' Lenge ville han ikkje, men til slutt sa han med seg sjølv: 'Endå eg verken har ærefrykt for Gud eller tek omsyn til noko menneske, vil eg hjelpa denne enkja til retten hennar, sidan ho plagar meg slik, elles endar det vel med at ho flyg like i synet på meg.'»

Og Herren sa: «*Høyr kva denne uærlege dommaren seier! Skulle så ikkje Gud hjelpa sine utvalde til retten deira, dei som ropar til han dag og natt? Er han sein til å hjelpa dei?*» (Lukas 18,1-6)

*Gunnar Frøyland*

## Herrens bøn - "Vår far"

**Vår Far i himmelen!**
**Lat namnet ditt helgast.**
**Lat riket ditt koma.**
**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.**
**Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.**
**Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.**
**For riket er ditt og makta og æra i all æve.**
**Amen.**

# Ny sokneprest til Undheim



*May Brit Merland Arnø er ny sokneprest til Undheim*

**I januar begynnar May Brit Merland Arnø som sokneprest på Undheim. Ho er 49 år, gift med Hjalmar Arnø, mor til tre og bestemor til ein liten gut.**

May Brit fortel at ho har vakse opp på Hommersåk, og der bur ho framleis. Bedehuset der var viktig for henne i oppveksten, og i vaksen alder også kyrkja. Mor var mest knytt til bedehuset, mens far var aktiv både i bedehus og kyrkje. Nå minnest ho med eit smil at mora slo av radioen dersom ein kvinneleg prest stod for søndagsgudstenesta.

Det var ikkje noko mål for denne dama å bli prest, snarare tvert om. Men hennar reise i arbeidslivet så langt avdekker tydeleg kva som alltid har spela hovudrolla for yrkesvalet: Først vart det mange år som barnesekretær i Santalmisjonen. Då Indremisjonen og Santalmisjonen fusjonerte til Normisjon 1.januar 2001, vart ho tilsett i vaksenarbeidet der. Dette førte til studiar ved Misjonshøgskulen fordi ho ynskte fagleg påfyll. Studieåra var gilde, gjevande og vart fleire enn først planlagt. Det førte heilt til teologisk embetseksamen og ordinasjon i Stavanger domkyrkje i 2007. Også mor var glad og stolt den dagen, fortel den nye soknepresten. I åra etterpå har May Brit arbeidd som barneprest i Riska og Høle.

Denne historikken tvingar fram eit interessant spørsmål:
**- Du har vore nært på kristenlivet, både i kyrkje og bedehus heile livet, mest i barne- og ungdomsarbeid. Dei siste ti åra har du hatt ansvar blant barn og unge i ein kyrkjelyd og dermed også samarbeid med soknepresten. Kva tek du med deg frå denne erfaringa til Undheim?**

- Mitt arbeid som barneprest har vore innvevd i arbeidet i kyrkja, og eg har også vore vikar i vanleg presteteneste. I kyrkjestaben har me arbeidd som team, veldig bevisste

på at barna og dei unge er kyrkjelyd på lik linje med dei vaksne. Dei er ikkje kandidatar til å verta det i framtida. I Santalmisjonen hadde me fokus på barna sitt medarbeidaransvar nå. Dei skulle vera inkluderte, rekna med. Eit stikkord for meg når eg førebur ei gudsteneste er: heilskapsformidling. Alt må henga saman. Det er ikkje bare orda, preika og salmane som er viktige. Alt er viktig, kyrkjerommet osv. Til Bibeldagen kan rommet ha mange biblar plasserte rundt omkring, bibelord og tekstar. Og den raude tråden som bind alt dette saman kan også vera konkret med som visuell hjelp for små og store.

**- Det gjer meg alltid glad å møta frivillege som er med på laget, frivillege i alle aldrar. Barn og unge er også fantastiske medarbeidarar. Det rører meg djupt når dei tek mikrofonen som tekstlesar, forsongar eller deltek på anna vis. Engasjement og involvering skaper eigarskap og ansvar. Det er i alle fall eit håp og eit mål.**

I barnearbeid må me alltid tenkja bodskapen og rammene rundt samtidig. Nå ser eg fram til å arbeida meir med bibeltekstane og til å få snakka meir om Jesus inn i dei vaksne sine liv.

- Er det noko i prestetenesta du særleg vil nemna ?
- Det eg har minst erfaring med så langt, er alt som handlar om sorg. Eg ser på den delen av presten sine oppgåver som svært meiningsfull. Ja, omfanget er stort for det eg skal få vera med på i Undheimsbygda. Frå glede i lag med dåpsforeldre med eit lite barn i armane, til å få vera menneske nær med trøyst og håp når dei har motbakkar og kriser i livet. Dette store spennet mellom dåpssamtalen og sørgehuset gjer oss veldig avhengige av Gud, av bibel og bøn.

- Denne samtalen kunne halda fram lenge. Det er så mange sider ved prestetenesta å ta fram. Helgedagen har møtt ein glad og kreativ person med mange tankar om det som nå ventar. Men eit "sluttord", May Brit!

Svaret kjem raskt og presist:
- Nå held eg på å avslutta arbeidet mitt i Høle og Riska. Eg skal lukka ei dør. Men når nyårsklokkene har ringt, skal eg vera klar til å åpna ei ny dør. Til Undheim!

*emb*




*Undheim kyrkje*


Foto: KAA

# Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor him-

melhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde.

Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.



## Jeg er så glad hver julekveld



*Jeg er så glad hver julekveld,*
*for da ble Jesus født;*
*da lyste stjernen som en sol,*
*og engler sang så søtt.*

*Det lille barn i Betlehem,*
*han var en konge stor*
*som kom fra himlens høye slott*
*ned til vår arme jord.*

*Nu bor han høyt i himmelrik,*
*han er Guds egen sønn,*
*men husker alltid på de små*
*og hører deres bønn.*

*Jeg er så glad hver julekveld,*
*da synger vi hans pris;*
*da åpner han for alle små*
*sitt søte paradis.*

*Da tenner moder alle lys,*
*så ingen krok er mørk.*
*Hun sier stjernen lyste så*
*i hele verdens ørk.*

*Hun sier at den lyser enn*
*og slokner aldri ut,*
*og hvis den skinner på min vei,*
*da kommer jeg til Gud.*

*Hun sier at de engler små,*
*de synger og i dag*
*om fred og fryd på jorderik*
*og om Guds velbehag.*

*Å gid jeg kunne synge så,*
*da ble visst Jesus glad;*
*ti jeg jo også ble Guds barn*
*engang i dåpens bad.*

*Jeg holder av vår julekveld*
*og av den Herre Krist,*
*og at han elsker meg igjen,*
*det vet jeg ganske visst.*



*Familien Nader - endeleg samla att!*

# Jul i Syria og i Noreg

**Familien Nader skal feira jul saman i år - det er ikkje sjølvsagt for ein familie som har vore på flukt. Mor Rana, og dei to gutane Suleiman (17) og Jan (14) kom til Noreg via Storskog november 2015 og til Bryne i mars 2016. Far Naem, kom til Bryne i juni 2017. Far Naem viser teikn til tårer på kinnet når vi snakkar om jul 2015 og 2016.**

## Juleførebuing i Syria

Heime i Damaskus høyrer dei til ein romersk ortodoks kyrkelyd. I løpet av samtalen er Suleiman ofte framme med mobilen og viser bilete og video frå kyrkja. Kyrkja heiter Kanisat Asalib – The church of the Cross.

Julefeiring i Syria startar med at kyrkjeklokker ringer jula inn 24.12 kl. 20.00. Storfamilien er saman. Dei har masse god mat, men dei et ikkje julemåltidet denne kvelden. Papa Noel bankar på døra og gir gåver til barna.
Her trengs ei lita forklaring: Barna gir ønskeliste til mor og far som kjøper gåver. Gåvene får namnelappar, og så vert det «ordna» med ein Papa Noel som kjem på døra med gåvene. Kanskje er det mannen i butikken som har dette som ekstra jobb.

## Hovudfeiring

25.12 – 1. juledag – er hovudfestdagen i Syria. Dagen startar med gudsteneste kl. 9.00. Før jul tar alle med seg gåver til kyrkja. Under gudstenesta i dag gir Papa Noel gåver til dei som er i kyrkja. I gudstenesta syng dei julesongar, lyttar til korsong og ber. Ei julekrybbe er henta fram, og juletreet er pynta både ute og inne. Alle som er her, har finklede på.
Det er tydeleg at gudstenesta 25.12 betyr mykje for familien. Naem – som ikkje har ord for alt han vil seia - viser med heile seg at bønn og Jesu-nærvær betyr mykje for han.
Når dei kjem ut av kyrkja, blir dei møtt av korpsmusikk. Her er det stor stemning: Julemusikk, smil og glede og til slutt stort fyrverkeri.
Suleiman og Jan spela trommer i korps i heimbyen.

## Fellesskap

Etter gudstenesta besøkjer dei farmor og farfar, og her får dei eit stort og rikt julemåtid – kalkun, ris, salat, poteter mm. Så går turen vidare til mormor og morfar for å ønskja god jul. Her blir dei servert sjokolade, kaffi og juice.

I Syria har skulen berre fri 25.12 i samband med julefeiringa. Den dagen stenger og dei kristne butikkane. Men sjølv om juleferien ikkje er lang, legg det ingen dempar på feiringa. Dei feirer jul heilt fram til nyttår. Dei har besøk av familie og venner, går på besøk, ja, gjerne til mange på ein dag. Må berre innom og ønskja god jul og prata!



*"Vår julepynta stove..."*



*Julenissekake frå Syria*





*Syriske julekaker*



*"The Church of the Cross..."*

# Julekveld for å gleda andre




*Alf Sigurd Kvia har vore med kvart år sidan Bryne Røde Kors starta opp med julefest på julaftan*

**Også i år blir Røde Kors huset pynta til fest på julekvelden. Det er 17. gong Bryne Røde Kors inviterer til julefeiring for personar som elles kanskje hadde vore heime åleine.**

-Dette er gildt å vera med på, fortel Alf Sigurd Kvia frå omsorgsavdelinga i Røde Kors til Helgedagen. Han har vore med på desse arrangementa kvart år sidan starten.
- Det er godt å sjå at mange koser seg, sjå kva det betyr for den enkelte. Det gir meg meir enn då eg feira berre i lag med familien!

*Kven er det som kjem?*
-Dei fleste er frå Time, men det kjem faktisk folk frå heile Jæren. Og alle aldersgrupper er representerte. Det kan vera ei utfordring å nå ut til dei som treng det mest. For dei fleste er det ein terskel ein må trø over for å møta opp. Men mange kjem att år etter år. Og me sørger for henting og bringing til dei som har behov.

*Og dei frivillige?*
-Me er 10-11 frivillige på julekvelden. "Litle julaftå" er det dugnad med pynting og dekking av bord.

Alf Sigurd Kvia har vore aktiv i Røde Kors sidan barne- og ungdomsåra. Han fortel at julematen sjølvsagt består av pinnekjøt og ribbe, og at den blir levert og sponsa av hotella på Bryne. Dei siste åra har festen starta kl 1700. - Røde Kors er ein livssynnøytral organisasjon. Men dei som vil, har tid til å gå i kyrkja først.

*Korleis er festen?*
-Me prøver å skapa ei heimsleg jul. Gjestene skal kjenna god julestemning når dei kjem. Pynta juletre, fint dekka langbord og den gode lukta av julemat. Me syng julesongar, og det blir gang rundt treet. Me har og ein pakkeleik som er blitt populær, særleg blant dei yngste. Og arrangementet er alkoholfritt.

Røde Kors arrangerer ei eiga juletilstelling for flyktningar og asylsøkjarar. Denne skal i år vera 15. desember. – Men også på julaftan er det fleire med utanlandsk bakgrunn som brukar vera med på norsk julefeiring, fortel Alf Sigurd Kvia.

*RT*

---

## Skilnad på feiring i Syria og Noreg

Mor og dei to gutane svarar ivrig og samstemt: I Syria er det mykje meir fest og mykje meir folk. Alle går til, alle snakkar og et! Felleskap med familie og venner er svært viktig i julefeiringa.

## Kva betyr jul for familien Nader?

Jan: Vi feirer at Jesus er født.
Suleiman: At alle skal bli glade for at Jesus er født.
Naem: Det er Jesus. Eg likar Jesus. Det er godt å vita at heile familien er i Jesu hand.
Rana: Vi får leva under Kristi venger.

Jul 2017 skal familien Nader feira saman i Noreg i nytt hus. Dei vil invitera familie og venner til julemåltid 1. juledag og gå til julegudsteneste. Dei har funne eit fellesskap i Frikyrkja der Suleiman blei konfirmert våren 2017 og Jan blir konfirmert våren 2018.

Det store spørsmålet er: Vil Papa Noel finna vegen til Ola Barkvedsvei 63?

Takk til Rana, Naem, Suleiman og Jan! Guds velsigning og God jul!

*Tekst: RJH*

# Juleminne



*Kari Myhrvang*

**Jul 1982 -Tvilling-dåp i Bryne kyrkje. Samtale med Kari Myhrvang, 65 år, som voks opp i Åmot, nær Drammen, i Buskerud fylke. Bur på Bryne.**

### Kari minnest jula 1982.

Ho var då mor til Thomas 4 år, og tvillingane Henning og Kenneth som var fødde i oktober det året, og barnedåp var bestemt til 2. juledag i Bryne kyrkje. Kari var som lita jente van med at dei var mange samla rundt bordet julaftan. Sjølv om ho var ho einebarn, var søskenborn og slekt alltid saman til julefesten.

Jul 1982 skulle heimen på Lye fyllast i fleire dagar. Bare 22 år gamal mista Kari mor si. Så nå kom faren og den nye kona, Åse, pluss schäferhunden, Steffi, som gjester før julaftan. Farmor og farfar, Tomine og Olav Vik , med deira yngste son kom frå Helgøysund i Ryfylke. Svoger og svigerinne med baby kom frå Hidra. 13 personar og ein hund var samla til fest, både julaftan, 1. juledag og til dåpsfest 2.juledag. Dette vart siste jul i lag med svigerfar. Han måtte til sjukehus rett etterpå og døydde eit halvt år etter.

I samtalen med Kari får me del i eit juleminne utan klage over strev med mange gjester og nattevåk med nyfødde tvillingar. Ho vil ha fram gleda ved å vera saman, ha storfamilien med slekt og besteforeldre samla. For dei av oss som har hatt besteforeldre og hjelp like i nærheten, er det vanskeleg å fatta Kari sin innsats. Ho har heile tida budd langt borte frå sine og aleine vore den trygge mora for sine gutar.

Kari var kledd i festbunad frå Gudbrandsdalen då ho bar Kenneth til dåpen, og far Terje bar Henning. Denne festbunaden var det berre ho som hadde av jentene då ho var konfirmant i Åmot. Mora var utdanna skreddar og sydde klede og festkjolar til folk.

### Julafta 2017 skal det igjen vera fest.

Denne jula skal familien feire hjå Henning, den eine tvillingen som vart døypt i 1982, for 35 år sidan. No skal Kari vera gjest saman med 3 søner med ektefeller og 7 barnebarn. Nummer 7 er ei jente som kjem rett før jul. Ho skal heita Tomine, etter oldemor som no er 81 år. Det vert julefest igjen med 14 kjære samla rundt bordet.
God jul, Kari, og alle dine! Takk for at du delte dette juleminnet med oss!

*OU*

---

Velkommen til

# Juletrefest

i Bryne kyrkje
onsdag 27. des kl 16.30

- Barneandakt ved Anne Grete Hognestad
- Song av Jungelkoret
- Juletregang
- Servering av pølser, saft, kaffe og kaker



Inngang 50kr
pr vaksen

Velkommen til store og små!

---

## Misjon og Israel

Israelsmisjonen i samarbeid med Bryne kyrkjelyd inviterer til samling om misjon med

**Vegard Soltveit, ass. generalsekretær**

**I Bryne kyrkje:**

**Lørdag 27. januar**
Kl 12.00 – 14.00 Miniseminar
Tema:
a) **Er Israel utvalgt – ulike syn i historien og i dag**
b) **Den messianske bevegelse**

**Søndag 28. januar**

| | |
|---|---|
| Kl 11.00 | Gudstjeneste, predikant **Vegard Soltveit** |
| kl 18.00: | Kveldsmøte |
| | **Vegard Soltveit**: Våre jødiske røtter |
| | **Paul Odland**: Misjonprofil: Peter L. Hærem |
| | Sang: Jærklang |
| | Misjonsinformasjon |
| | Det blir enkel servering |
| | Kollekt til evangelisering blant jøder |

**Vel møtt**
Evangeliet skaper fred med Gud og fred mellom menneske.



# Rådmannen sitt forslag til økonomiplan for Time kommune 2018 -2021



Foto: KAA



Time kyrkje



Undheim kyrkje



Lye forsamlingshus



Bryne kyrkje

**I slutten av oktober la rådmannen i Time fram forslag til økonomiplan for del neste 4 åra. Det er store tal - kommunen legg opp til drifts-utgifter på 1.243 milliarder kroner i 2018. No er det opp til politikarane å gå gjennom dokumentet og vedta rammene på kom-munestyremøtet den 5. desember.**

Helgedagen tok kontakt med Gunnar Bjorland Stone, kyrkjeverja i Time for å få hans kommentar til forslaget frå rådmannen.

*- Korleis er du fornøgd med dei økonomiske rammene som ligg i økonomiplanen for kyrkjeleg drift og investeringar?*

-Time kyrkjelege fellesråd hadde kome med fleire innspel til administrasjonen i kommunen i arbeidet med økonomiplanen, og gledeleg er det at mykje av dette finn me att i rådmannen sitt forslag. På driftsbudsjettet har kyrkjeleg fellesråd fått inflasjonsjustert tilskotet. Plan for verneverdige kulturminne er under arbeid, og det er i 2019 sett av 100 000 kroner til restaurering av verneverdige kulturminne. I tillegg får me dei neste to åra ei auke på 300 000 kroner til oppgradering av IT og datasystem no når det kjem omfattande endringar i personvernlova til neste år.

- Stillingsheimelen for kyrkjemusikk på Undheim er i dag 10 %, og det har lenge vore eit ønskje å få den utvida til 25 %. Det har me no fått gjennomslag for. Kostnaden for det er 115 000 kroner som ligg inne i forslaget frå rådmannen.
- Diakonitenesta har ikkje vorte styrkt i dei siste åra, og ein ser at med fleire ressursar kunne ein gjort endå meir for å hjelpa og støtta dei som på ulik vis treng noko ekstra. Fellesrådet hadde eit ønskje om å utvida stillinga frå 100 % til 150 %. Det ville ha ein kostnad på 330 000, noko rådmannen ikkje ville leggja inn i tilskotet.

- På investeringssida er det lagt inn 4 millionar kroner frå 2019 - 2021 til rehabiliteringsarbeid i Bryne kyrkje, medan Time kyrkje og Undheim kyrkje ligg inne med 1 million kvar i 2021.
- Elles er det verdt å merka seg at grøntområdet rundt Brynekyrkja er tenkt opprusta neste år, og det er sett av 750 000 kroner til det arbeidet. Utviding av gravplassen ved Time kyrkja skal fullførast neste år, til ein samla kostnad på 59.5 millionar kroner.

*- Så du må seia deg ganske nøgd med det du finn i forslaget frå rådmannen?*

- Ja, utan tvil, inntrykket mitt er at me har ein administrasjon og politikarar i Time kommune som har stor sans for kyrkja og det arbeidet kyrkja driv. Me er svært nøgde med samarbeidet med kommunen, og sjølv om me alltid skulle ha ønskt at alle innspela vart tekne til følgje, er me samla sett godt nøgde med rådmannen sitt forslag.

*AV*

# Tur med tema Luther og Bach

## 6. - 13. september 2018

**Velkommen til å bli med på kyrkjelydstur til byane der reformasjonen vaks fram**

**Bryne sokneråd i samarbeid med Plussreiser er arrangør. Reiseleiarar er Brit Frøyland, Guri Risa og Stein Ødegård.**




**Reiseplan**
1. dag (torsdag): Stavanger – Berlin – Weimar
Avreise frå Stavanger kl. 10.00 til Berlin Schönefeld kl 11:35. Buss til Weimar. Innsjekking på Park Inn by Radisson Weimar for to netter.

**2. dag** (fredag): Dagstur til Lutherstadt Eisleben
3–4 timars guida byvandring med besøk i husa der Luther blei fødd og døydde,
St. Petri-Pauli-Kirche der han blei døypt og St. Andreaskirche der han heldt sine siste talar.

**3. dag** (laurdag): Wartburg, Eisenach og Erfurt
Besøk på Wartburg der vi m.a. kan sjå Luther-rommet. Guida omvising "Bach und Luther" med minikonsert i Bachhaus Eisenach. Guida omvising i Augustinarklosteret i Erfurt. Innsjekking for to netter på Inter City Hotel Leipzig.

**4. dag** (søndag): Leipzig
Gudsteneste i Thomaskirche kl. 09.30 – 11.00. Guida byvandring i «Johan Sebastian Bachs by», m.a. med besøk i Nikolaikirche.

**5. dag** (måndag): Dresden og Meissen
Byvandring i Dresden med m.a. besøk i Frauenkirche. 2 timars besøk m/guida omvising i porselensfabrikken i Meissen. Til Wittenberg der vi sjekkar inn på Luther-Hotel for tre netter.

**6. dag** (tysdag): Lutherstadt Wittenberg
3–4 timars guida byvandring m/skandinavisktalande guide.
«Middelalder-middag» på Luthers vis i Restaurant Alte Canzley.

**7. dag** (onsdag): Lutherstadt Wittenberg
Wittenberg på eiga hand denne dagen.
8. dag (torsdag): Wittenberg – Berlin - Stavanger
